



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Referanse	Saksansvarleg	Direkte telefonnr.	Dato
14/13 - JP 14/119	HHO	57 78 20 02	06.01.2014

Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv 4 til kommunal veg.

Den 28.11.2013 hadde Gulen kommune og Statens Vegvesen eit samarbeidsmøte om samferdsle. Sogn og Fjordane Fylkeskommune hadde ikkje høve til å vere med på møte, så vi vil difor orientere om dei sakene som vart diskutert der. Sender referat frå møte som vedlegg.

Gulen kommune ynskjer å få ei ny vurdering av vedtaket om nedklassifisering av Fv 4 som vart gjort i sak 13/12 i Hovudutval for samferdsle i Fylkeskommunen, og fråsegn frå Gulen kommune i F-sak 34/11.

Vi meiner det er komme til nye, og viktige moment for at deler av denne vegen bør vere Fylkesveg framleis:

Skipavika Næringspark AS er etablert ved den nedlagde ferjekaia i Skipavika, og det fører til auka trafikk på Fv 4 mellom Ånneland og Skipavika. Mykje av denne trafikken er anleggstrafikk, og det treng vesentleg opprustning av denne vegen for at den skal tole denne belastninga.

Vi har fått opplyst at det er planar om opprustning av denne vegen i 2014, og at det ligg inne 2,7 mill. i RTP til dette formålet. Det som det er planar om, er fornying av fast dekke på vegen. Det er etter vårt syn mykje meir omfattande arbeid som må gjerast dersom vegen skal tene til den bruken som no er der.

Det er eit stort ynskje frå Skipavika Næringspark AS om ny sambindingsveg på vestsida av Sandøyyna mot Brandangersundbrua. Det vil føre anleggstrafikken frå Næringsområde bort frå busetnaden på Sandøy, og i tillegg verte ein mykje kortare veg inn mot Sløvågområdet og ferjekaia der. Den nye vegen vil verte i overkant av 2 km. i lengde.

Dersom ein kan få til ei løysing med ny veg, meiner kommunen at Fv 4 frå Skipavika til Ånneland kan nedklassifiserast til kommunal veg.

Det vart opplyst på møte at anbod for utbetring av Fv 4 mellom Skipavika og Ånneland ville bli sendt ut tidleg på nyåret 2014, så det er viktig at vi får avklare desse spørsmåla raskt.

Av andre ting som vart diskutert på møte var ynskje frå kommunen om omklassifisering av kommunal veg til fylkesveg på strekninga Dingja – Rutledal. Saka er ikkje teken stilling til frå Fylkeskommunen si side. Der har tidlegare vore dårleg dekke på denne vegen, men det er no

lagt nytt dekke på, så vi ynskjer at dette vert teke opp i Fylkeskommunen i dialog med kommunen.

Det er eit ynskje frå kommunen si side å få eit møte med Fylkeskommunen der vi kan diskutere desse aktuelle sakene.

Med helsing

Hallvard Oppedal
Ordførar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Referat frå samarbeidsmøte om samferdsle 28.11.2013